

Demo- kratene mot bom- penger

At Bergen kommune har satsset på – og fortsatt satser 110% på – å finansiere all sin gjøren og laden utelukkende ved hjelp av bompenger, er ikke noe vi bare føler! Dette *vet* vi! Og dette åket på Bergenshalvøyens bilister må vi slite med fram til kommunevalget.

Det er Statens oppgave å anlegge, bygge, drifte og vedlikeholde veier, tunneler, broer og innlandsferjer i Norge. (Ferjer er en del av veinettet.) Men, som vi vet, Oslo-området får alt de trenger. Selv om de har bompenger på motorveiene til og fra hovedstaden, dekker Staten atskillig mer der, enn hva vi vestlendinger bare kan drømme om!

Alle som kan lese, og forstår hva de politiske partiene står for i denne sak, de skal vite at det er bare Demokratene i Norge (DEM.) som tar fullstendig avstand fra bompengefinansiering av offentlige veier i Norge! Vi ser jo at FrP i noen kommuner er vinglete og ettergivende i denne problemstilling, og går med på slikt som deres program klart og tydelig tar avstand fra. Og uten at det får spesielle konsekvenser for dem. Noe slikt vil ikke skje når DEM. overtar roret på skuta "Norge". Staten har råd til å gi *hele* landet ordentlig veistandard, og gratis innlandsferjer (som i Sverige og Finland), dersom det er politisk vilje til det. Likevel skal melkekua (bilistene) skvises økonomisk til siste drøpe!

I 2006 holdt John Mandelid (DEM.) flammende innlegg i det offentlige rom mot bomstasjoner, bl.a. på Fanafjellet. Som takk for dette fikk DEM. skarve 6 stemmer fra bygdene på sørsiden av fjellet. De burde, og bør i dag, kjenne sin besøkelsestid, dersom de vil bidra til å sette en stopper for den stadige utbredelsen av bompengesyken i Bergen kommune. Dette er *en* av de viktige sakene Demokratene vil arbeide ufravikelig for!

Terje Haugom
nyvalgt leder for Demokratene i Bergen

Vedholmen Galleri



Kunstnarane Peter Marron og Vibeke Harild flytta til Øyane i 1998, og har no drive Vedholmen Galleri i snart 10 år. Dei er veldig nøgde med at dei no har fått både utstillingslokale og verkstad (bak døra til høgre) i 1. etasje i Hargun Eiendom AS sitt nybygg på Lepsøy.

Inspirerte av Vestlands-naturen

Vedholmen Galleri kan feira 10-årsjubileum i sommar. Og kunstnarparet som driv galleriet, *Vibeke Harild og Peter Marron*, har ingen planar om å gje seg som "galleristar" eller å flytta frå Øyane med det første – tvert om.

Wenche M. Eriksen
wenche.eriksen@osogfusa.no

– Nei, både me og borna på 10, 11 og 14 år trivst så godt her ute i Øyane at me går med planar om å byggja oss hus på Røtinga. Me er like imponerte over den vakre Vestlands-naturen i dag som då me første gong kom ut hit for å sjå på husvære i 1998. Eg hadde aldri opplevd vakrere natur enn den me fann her, seier Vibeke som vaks opp i det flate landskapet på Sjælland i Danmark.

Kunstnarmannen Peter kjem frå byen Limerick i Irland, og paret møttest på Kunsthøgskolen i Bergen i 1992, der dei begge studerte kunst-keramikk og skulptur. Kunsthøgskolen – eller "Spesialisert Kunst" som det heiter no, er ifølgje Vibeke ein av dei beste utdanningsplassane i Europa innan skulpturell keramikk.

– Me kom til Noreg for å utdanne oss på grunn av den kunstneriske fridomen som finst her. For i motsetnad til Danmark, Finland, Sverige og Irland, som er meir opptekne av sine egne design-tradisjonar, er det i Noreg nesten ingen keramikktradisjonar. I Bergen fekk me difor mange nye impulsar gjennom gjestelærarar frå land som Japan, England og USA Bergen, fortel Vibeke Harild.

Vestnorsk romantikk

– Etter at me slo oss ned i Øyane, har me vore spesielt opptekne av det vestnorske landskapet, dei gamle trehusa, nausta, båtane, livet i havet og elles

alt som har med det maritime miljøet å gjera. Me har nok eit ganske romantisk forhold til dette, seier Peter på sin sær-eigne irsk-osiske dialekt.

Mykje av kunsten dei har laga i desse åra speglar også landskapet og miljøet dei har budd og jobba i dei siste 12 åra. Som til dømes dei vakre og populære oselvar- og nordlandsbåtane som Peter Marron lagar. – Ja, dei sel ganske godt, spesielt om sommaren. Eg har merka meg at det helst er folk som bur langs kysten frå Sandnes til Trondheim som kjøper båtane. Austpå er interessa mindre, seier Peter.

Galleri Vedholmen opna dørene for første gong 1. juli 2000 i lokala der den gamle butikken på Vedholmen var tidlegare – difor namnet Vedholmen. Den første tida var også målaren *Åse Berit Ulltang* med i galleridrifta. Ho gjekk ut etter ei tid og starta seinare opp Galleri Oz.

I mai 2008 flytta paret galleriet til nye, ljose lokale i 1. etasje i nybygget til Hargun Eiendom AS på Sundøy. Frå det 42 kvm store utstillingslokalet, som ligg eit lite steinkast frå sjøkanten, har dei panoramautsyn og nærleik til det maritime miljøet dei begge er blitt så glade i.

– Etter jul fekk me også på plass atelier/verkstad vegg i vegg med utstillingslokalet vårt. Tidlegare hadde me verkstaden heime, så no har me fått det mykje meir lettvtint og praktisk, fortel Vibeke.

Nyleg fekk dei også montert keramikkommen sin i eit lagerrom like innanfor verkstaden.

– Har de hatt fleire innom Galleri Vedholmen etter at de flytta inn i dei nye lokala?

– Ja, besøket har auka og me har selt meir enn tidlegare, så det er ingen tvil om at flyttinga har hatt ein positiv effekt, seier Vibeke Harild.

Taus kommune

– Er interessa hos osingar og andre besøkande så stor at de begge kan leva av å laga og selja kunst frå galleriet, eller får de støtte frå kommunen eller andre instansar for å halda hjula i sving?

– Nei, me har aldri fått driftsstøtte frå kommunen, men i 2001 fekk me eit tilskot på 11.000 kroner til lysoppsett. Sommaren 2008 – like etter at me hadde flytta inn i Hargun Eiendom sine lokale – sende me ein søknad om støtte til kommunen, men me har enno ikkje høyrte noko. Me tykkjer det er litt rart. Dei kunne vel i det minste ha sendt oss eit svar? seier kunstnarparet og ser spørjande på kvarandre.

Og me får berre senda spørsmålet vidare til den rette instansen i kommunen.

Vibeke har også prøvd å få til eit samarbeid med Kulturskolen i Os, med tanke på å få i gang kurs i visuell kunst for born og unge. Men dette har ho av ymse årsaker enno ikkje lukkast å få til.

– Men me har derimot veldig positive erfaringar med markering og feiring av Kystsogeveken. Desse dagane er blitt ein stor folkefest her ute i Øyane, og me er veldig glade for å få vera ein del av dette, seier Vibeke.

Må våga å satsa

– Me har heldigvis fått mange gode støttespelarar, elles hadde det vore vanskeleg å driva gal-

leriet. Me har mellom anna 20 kunstnarar frå fjern og nær i kommisjon, dvs. kunstnarar som er fast tilknytt galleriet og har kunstverk på utstilling/til sals her med jamne mellomrom. I tillegg inviterer me jo mange gjestekunstnarar til galleriet. Eg tykkjer elles at folk herifrå har vore flinke til å koma på utstillingar og kjøpa kunst, noko me set stor pris på. Det går sjølvsagt opp og ned i denne bransjen, men ein må berre våga å satsa, seier Vibeke.

– Det tek alltid si tid å etablere eit kunstgalleri, men me håpar og trur at det no etter 10 år er blitt såpass godt kjent at me kan trekkja til oss fleire større kunstnarar. Og med dei nye, flotte lokala me har fått, trur eg det vil gå rette vegen, legg Peter til.

– *Korleis vil de feira 10-årsjubileet?*

– Me kjem til å markere det ved å invitera fleire kjende og etterspurde kunstnarar gjennom heile året. Først ut er kunstnarane *Ingrid Nord* og *Rita Marhaug* med vårutstillinga "Ting i glass og Ting på papir" som opnar laurdag 20. mars.

I mai vil Vedholmen Galleri opna ei separatutstilling med grafikk og måleri laga av kunstnaren *Ingri Ekeberg* frå Bergen. Jubileet vert markert litt ekstra gjennom Sommarutstillinga som opnar 23. juni. I det høvet vil kunstnarparet på Lepsøy presentera kunstverk av fleire inviterte kunstnarar, mellom andre den islandske grafikaren *Björg Thorhallsdottir*.

– Og som ein del av 10-års markeringa vil Peter og eg ha vår første sepatat-utstilling i Vedholmen Galleri i august. Me har faktisk aldri stilt ut aleine i dei åra me har drive galleriet, avsluttar Vibeke Harild.

OS & FUSA POSTEN

Tlf. 56 30 29 50
Faks 56 30 24 77



Ingrid Nord med korthus støypt i glas.

Utstillinga "Ting i Glass, Ting på Papir":

Hekta på glas

Ingrid Nord (f. 1980) er frå Varåsen i Os, men har for tida fast tilhaldsstad på Laksevåg. Ho har alt klart å markera seg som ein glaskunstnar på eit høgt internasjonalt nivå.

På utstillinga i Vedholmen Galleri kan du sjå nokre av skulpturane og installasjonane hennar i blåst og støypt glas. Ho syner mellom anna fram nokre grafiske motiv på glaspanel kombinert med blåste glasobjekt.

– Kva fekk deg interessert i glaskunst?

– Det var nok litt tilfeldig. Som 19-åring reiste eg til Danmark for å gå på folkehøgskule eit år. Skulen hadde mange

spanande og kreative fag, mellom anna glasblåsing, noko som veldig snart vekte interessa mi, seier Ingrid Nord.

Og ho vart såpass hekta på glas at ho søkte seg vidare til Edinburgh College of Art i Skottland der ho tok ein bachelorgrad på tre år i glasblåsingakunsten. Under studietida i Skottland tok ho seg eit friår og reiste til Australia for å jobba i eit glasblåsingstudio. Her fekk ho ei innføring i mange ulike blåseteknikkar.

Glaskunsten er enno ikkje så stor i Noreg, så Ingrid har reist rundt til større internasjonale glasmiljø for å få nye impulsar og kunnskap. Ho har mellom

anna delteke på sommarskule i Seattle i USA – der dei har ein rein glaskunstsule.

For tre år sidan var ho med og starta S12 Galleri og verkstad i Bergen. Sju glaskunstnarar er no tilknytt galleriet, noko som tyder på at det er eit veksende miljø innan glaskunst i Noreg også.

Sin unge alder til trass, Ingrid Nord har alt klart å markera seg som ein svært dyktig glaskunstnar. Ho har hatt utstillingar både i Noreg, England og Skottland. Dette er første gongen ho har ei større utstilling i Os.

Fokus på det kvardagslege

Rita Marhaug frå Landås er ein veletablert kunstnar som jobbar i "mixed media", video og performance. Ho er utdanna ved Kunsthøgskolen i Bergen – og jobbar i dag som professor ved same skulen.

Bileta til Marhaug er bygd opp av fleire lag. I botnen skimtar me eit nærbilete av eit andlet, og oppå det er det måla og teikna mange ulike element og kjente, kvardagslege ting som mobiltelefonar, leidningar, kalkulatorar, radio, posar med mat osv.

– Ja, det er rett og slett trivielle kvardagsting som finst i heimen, som fjernkontrollar, kablar, mobiltelefon, avtalebok, bæreposar og liknande. Mykje er kommunikasjonsting og gjenstander som me gjerne brukar kvar dag, men som me ikkje legg så mykje merke til, seier kunstnaren sjølv.

– Det er det fotografiske elementet som ligg i botnen. Her har eg brukt bilete av nokre ungdomar, og dette arbeidet er ganske omstendeleg og tidkrevjande i høve til dei meir spon-

tane teikningane på overflata, seier Rita Marhaug.

På dei mørkaste måleria har ho nytta seg mykje av kvitt markeringspenn og tusjteikning, og vice versa: svart markeringspenn på lys bakgrunn. Måten ho har bygd opp bileta på gjev eit spanande, tredimensjonalt inntrykk, og det dukkar heile tida opp nye element og detaljar når ein gjev seg tid til å studera dei nøye.



Rita Marhaug sine måleri er bygde opp i fleire lag, med foto i botnen og kvardagslege ting måla og teikna oppå.

Årsmøte i Os felleforeining

Søndag 14. mars heldt Os felleforeining av Det Norske Misjonsselskap årsmøte i Kyrkjetunet på Os.

Dette året hadde me besøk av områdeleiar *Alvhild Vassel Eide* som taler. Ho informerte også om stoda for Misjonsselskapet, og snakka spesielt om den ekstraordinære generalforsamlinga, som vert halden i Bergen 19. og 20. mars. Grunnen er den økonomiske situasjonen i Misjonsselskapet. Ein er nøydd til å ta grep for å betra den dårlege økonomien.

Fast på årsmøta dei siste åra er presentasjon av ein av misjonsforeiningane her i Os. I år presenterte *Jorunn Aase Hagen* og *Bente S. Skarding* foreininga deira, "Den lille hjelper". Bl.a. fortalde Bente i diktversjon korleis dei hadde det i foreininga, både om den åndelege og sosiale delen.

Fjoråret

Misjonsstemnet på Kristi Himmelfartsdag var ein spesiell dag, der me endå ein gong kunne senda ut nye misjonærar frå Os. *Ingvild* og *Roar H. Evjedal*, saman med dottera *Marie*, reiste til England i september. Byen heiter Barrow-in-Furness, der dei har starta opp kristent ungdomsarbeid.

Borna sin misjonsdag 19. september samla ca. 30 born. Gjennom andakt, misjonstivoli og leik vart dei betre kjende med Jesus og misjonsarbeidet.

I oktober 2009 feira *Misjonsmessa* 30-årsjubileum. Frå ein spe start med ca. kr 12.000 i inntekt i 1979 kom det inn ca. kr 112.000 brutto

i 2009! Det vart selt ein del lodd på førehand, mellom anna på Amfi Os og Ravneberghaugen. Det er mange som er med og tek eit tak denne dagen for å gjennomføra messa. Det er kjekt når det kjem mykje folk innom for å kjøpa handarbeid, matvarer og gjenbrukslys. Årsal er populært på føremiddagen og på familiesamværet om ettermiddagen.

Utsendingar

Kyrkjelyden sine *utsendingar for NMS* er *Landy* og *Arild Bakke* på Madagaskar, der Arild er NMS sin representant i hovudstaden. Ingvild og Roar H. Evjedal er i England. Kyrkjelyden støttar også nybrottsarbeid i Mustamäe i Tallin, Estland. Her arbeider diakon *Tiina Kliiman*.

På *adventsmøtet* i desember hadde me besøk av landsstyrelseleiar i NMS, *Kari S. Sørheim*. Ho hadde mykje å dela med oss, både frå Ordet og NMS. Misjonsarbeidet endrar seg med tida, men oppdraget er det same: Gå ut med evangeliet om Jesus.

Etter årsmøtet ser styret slik ut: Leiar: *Kjellaug Aase Fyllingsnes*, nestleiar: *Helga M. Sakseid*, kasserar: *Randi Grønås*, styre-/varamedlemmer er: *Jorunn Aase Hagen*, *Ragnhild S. Haugland*, *Leif Fjellvang*, *Jorunn Brekke* (ny) og *Irene Farestveit* (ny).

Styret for Os felleforeining av Det Norske Misjonsselskap v/*Kjellaug Aase Fyllingsnes*



Linda Kjosaa har omsatt ei ny bok av Alaa al Aswany (t.v). *Novellesamlinga har fått tittelen «Jeg skulle ønske jeg var egyptisk» på norsk.* (Privatfoto)

Gir oss meir al Aswany

Ei ny bok av forfattaren *Alaa al Aswany*, mannen bak romanane «Yacoubianbygningen» og «Chicago», er rett rundt hjørna. Omsett frå arabisk til norsk av *Linda Kjosaa* frå Eikelandsosen.

Denne gangen er det ei novellesamling *Kjosaa* har ført i pennen på norsk. «Jeg skulle ønske jeg var egyptisk» er den norske tittelen på boka.

Novellesamlinga kjem ut på Gyldendal Norsk Forlag.

Samlinga består av ti forteljingar der ein møter ulike menneske i dagens Kairo og Egypt.

– Her handlar det om generasjonskonfliktar, korrupsjon, undertrykking og utruskap og om nokre av dei livsfarlege samanstøytane mellom vestlege og arabiske måtar å leva og tenkja på, freistar forlaget med.

«Jeg skulle ønske jeg var egyptisk» er å få tak i på tisdag.